

# EIDFJORD NYTT



**20 år med Hardanger Matkulturfestival**

**Landstraum for cruiseskip**

**Landskappleik 2025**

**Evjo aktivitetssenter 10 år**

# Jolehelsing frå ordføraren

Me er i slutten av oktober når eg skriv denne teksten. I går, på veg heim frå eit møte i Bergen, stopper eg ved Amfi på Voss. Det er ikkje tvil om at det snart er Halloween. Butikkane, ikkje berre på Amfi, er fylt opp med godteri og dekorasjonar, ofte i oransje og svart; gresskar med onde smil, skjelett, hekser, hovudskallar... Og det er akkurat sistnemnde eg leiter etter. I fjor kjøpte dotter mi ein hovudskalle i porselen med LED-ljos inni, anatomisk riktig, enkel og kvit. Eg angra på at eg ikkje kjøpte ein til meg òg. Men butikken hadde den ikkje lenger. Kanskje like greit, då sambuaren min uansett ikkje hadde likt å ha den i stova.

Då eg vaks opp var Halloween ei greia i USA. Dei siste åra har denne feiringa vorte adoptert i mange europeiske land, godt hjulpe av storstilt marknadsføring frå kommersielle krefter. Men sjølvé kjerna, å minna dei døde rundt månadsshiftet oktober/november, er ein eldgamal tradisjon i store delar av verda. I keltisk folketru og norrøn tradisjon var feiringa rundt denne tida av året eit farvel med sommaren og velkomst til vinteren, og knytt til død og gjenfødsel. Irske og britiske utvandrarar tok altså med seg ein lang hedensk tradisjon over atlantener. Men liknande ritual fanst i sør- og mellomamerika frå før. Día de Muertos, i dag mest kjent som ein meksikansk feiring (sjå Pixar-filmen Coco frå 2017!), har røter attende til mayaene og aztekene som blanda seg med katolisismen etter inntoget til dei spanske conquistadorene. I kristen tru har me allehelgensdagen fyrste helga i november;

ein dag der me kan minnast dei døde, sørga, sakna, håpa, le, fortvila, vera sinte og ha alle andre kjensler som høyrer med når me har mista nokon.

I følge jødisk tradisjon dør eit menneske to gonger – fyrt når hjarta sluttar å slå, deretter når namnet vert sagt eller tenkt for siste gong. Difor er det viktig å skapa gode minner med dei me er glade i så lenge dei er med oss, og joł er ei høgtid som er perfekt til dette! Eg hugsar framleis jolefeiringane med avdøde familiemedlemmer; mine besteforeldre, min onkel Peter og min far. Bestemor som alltid sovna i godstolen etter middagen, den gongen me måtte gå gjennom heile papiravfallet fordi nokon hadde kasta ein 100 €-setel eller då min far i ein selskapslek litt ut på jolafta laga ein snømann i plastilin som minna meir om ein Buddha-statue. Gåvene eg fekk gjennom åra kan eg knapt hugsa. Så det er sant; dei beste tinga i livet er ikkje ting.



Ordførar Timo Knoch

Eg ynskjer alle lesarar ein riktig god og minnerik joł og eit godt nytt år i vente!


Timo Knoch  
-ordførar-



Bilete: Frode Eriksen

## Innhald

- |   |  |
|---|--|
| 4 Babysymjing<br>5 Evjo aktivitetssenter 10 år!<br>6 Hardanger Matkulturfestival<br>8 FIRST LEGO League<br>9 Opning av «Kunstbrakko»<br>10 Skuleløp til inntekt for TV-aksjonen 2024<br>10 Opning av miniatyrskytebane på Lægreid<br>11 Pumptrack<br>12 Nye leikeapparat i Modnen barnehage<br>12 Road worlds for seniors<br>14 Eidfjord husflidslag<br>15 Vasstrening<br>16 Nytt frå Eidfjord fjellstyre<br>18 Landstraum for cruiseskip<br>19 Forteljinga om trollet<br>20 Skuletur frå Fagerheim til Halne<br>20 Ungdomstrinnet på skuletur frå Fagerheim til Halne<br>21 Friminutta på Lægreid skule<br>22 4H distriktsleir på Bu 14.-16. juni 2024<br>24 Xtremeidfjord<br>26 Konsert i Øvre Eidfjord ungdomshus<br>26 Nytt tilbod til dei minste: Bevegelsesglede!<br>27 Oversikt over faste aktivitetar i Eidfjord<br>28 Utfordringar for ukrainske flyktningar i Noreg<br>29 Eidfjord nettavis | 30 Terrengløp<br>30 Kva skjer i Toneskredo?<br>31 10. oktober: Verdensdagen for psykisk helse<br>32 Open brannstasjon<br>32 Eigenberedskap<br>35 Studietur til Oslo med ungdomsrådet 2.-4. juni<br>36 Landskappleik 2025<br>38 Eidfjord får namna minnelund<br>39 Kyrkjå i desember<br>39 Innsetjingsgudsteneste |
|---|--|



Bilete: Katrine Helle Riber

**EidfjordNytt**  
vert utgjeven av  
Eidfjord kommune  
Simadalsvegen 1  
5783 Eidfjord

**Heimeside:**  
[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)  
Tlf: 53 67 35 00  
**Epost:**  
[postmottak@eidfjord.kommune.no](mailto:postmottak@eidfjord.kommune.no)

**Redaksjonsnemnd:**  
Eidfjord kommune  
**Grafisk produksjon:**  
Aksell





## Babysymjing

I Eidfjord er me så heldige å ha tilbod om babysymjing for born i alderen seks veker til to år. Det er Gisella Orellana Vinge som er instruktør på kursa.

Tekst: Førebyggingskoordinator Kari Lægreid | Bilete: Kultursjef Bergljot Maria Veivåg Hause

**A**ktiviteten føregår i terapi-bassenget på kommunehuset. Her er det godt og varmt for dei små å kunna utfolda seg. Kurset går over åtta veker. Eit kurs på hausten og eit på våren. Denne hausten er det fullt opp med seks småborn, alle heime-høyrande i Eidfjord kommune. Dette er utruleg kjekt!

Babysymjing er ein vassaktivitet der born og foreldre deltek aktivt i bassenget, og det er fokus på kontakten dei imellom. Badinga skal føregå på borna sine premiss, og det er viktig å ta det i eit roleg tempo slik at borna vert trygge i vatn.

Aktiviteten er eit tiltak innan folkehelsearbeidet til Eidfjord kommune.



Kipekurs 5. november 2016



Offisiell opning i nye lokale 18. april 2015

# Evjo aktivitetssenter 10 år!

For vel 10 år sidan selde Eidfjord kommune NVE-bygget. I det bygget hadde det vore ulike formar for fritidsaktivitetar og sosiale tilbod for folk i bygda i nær 30 år. Dette la kommunen då ned.

Tekst: Reidar Gjøterud | Bilete: Hans Hellevang

**E**in del lag/organisasjonar og einskilde personar ynskja å føra vidare det som hadde vore. Me fekk leiga lokale og driva vidare i same hus. I samband med dette hadde me ein betydeleg dugnad med ombygging og flytting internt i bygget.

16. desember 2014 vart Evjo aktivitetssenter stifta. Brukargrupper som stilte opp i styret var husflidslaget,

historielaget, quiltelaget, brukarar av vevstova og snikkarboda. Andre lag som Lionsklubben, frimerkeklubben, herrekubben og kurs i regi av kommunen har også nytta lokala våre.

Etter 10 år er det mange gode minner å sjå attende på. Eit høgdepunkt for meg var ein serie møter ilag med historielaget der me tok for oss gamle biletar frå

dei ulike grendene i bygda. Då var det fullt hus og engasjerte tilhøyrarar!

I løpet av desse åra har me hatt god kontakt med både administrasjon og politikarar i kommunen, og dei har støttå oss godt økonomisk. Sjølv har me mellom anna hatt basarar, som har gjeve gode resultat.

Me vonar at senteret vårt framover vil vera ein triveleg møtestad for sosialt samvere, mykje god prat og praktiske aktivitetar.

Me har ein stor snikkarverkstad, vevstova, syrom og eit bra fellesareal med mellom anna sofagrupper, og utstyr til framsyning av filmar og biletar.

Me held ope måndag, onsdag og torsdag kl. 10-14 (kaffi i 12-tida). Annankvar onsdag serverer me god og billig lunsj kl. 12.00. Torsdagskveldane er det ope frå ca. kl. 17.00.

10-årsjubileumet vårt blir markert på joleavsluttinga vår, og du er hjarteleg velkommen! Det vert ei triveleg stund med ein del mimring, og med tankar me har for den framtidige drifta.



Sveipekurs 25.januar 2018

# Hardanger Matkulturfestival

**Det var ein vellukka dag for både utstillerar og besøkjande på haustens matkulturdag, laurdag 26. oktober i Øvre Eidfjord ved Norsk Natursenter.**

Tekst: Hardanger Matkulturfestival v/Helene Bratland og Britt Sæbø | Bilete: Trude Rinaldo

**M**e hadde fleire lokale utstillerar i marknadsteltet med lokale råvarer. Juniorkokkane 9.klasse ved Lægreid skule saman med sjefskokken Andreas Skår selde smårettar som folk kunne kjøpa. Kristin Glück-Teigland hadde stand ved ei av bålpannene. Ho hadde tatt med seg sine norske ostefavorittar til bålet. Her fekk besøkjande tips og smaksprøvar. Vår eigen «festivalkokk» Rune med gode hjelparar serverte bålsteikt aure med tilbehør servert i nysteikte potekaker. Juniorkokkane Kaia og Eivind lagde pizzasnurrar på bålet og serverte varm eplesaft til borna.

## Britt Sæbø opna Matkulturdagen med denne flotte talen:

«Gratulerer med dagen! Ein festival av gull!» Dette var Ingrid Espelid Hovig

sine ord under festivalen i 2009. Trea var kledd i gullfargar, dugnadsarbeid på tvers av generasjonar, born, ungdom, eldre saman. Gull i alt i følgje Norgesmatmor Ingrid E H.

I 20 år har Hardanger matkultur festival, no Matkulturdagar, halde på. Gjennom 20 år er det mange som har lagt ned mykke arbeid. Me kan ikkje nemne alle, men vil trekke fram Kari Vambheim, Siv Hereid og Irene Bjotveit Sæbø. Desse 3 har på kvar sin måte bidrege til at Hardanger Matkulturfestival vart til og vaks. Dei motiverte og fekk folk med seg.

I løpet av desse 20 åra har det vore stor utvikling på matfestivalar, fokus på kortreist mat, dyrka sjølv, hausta frå naturen. Reko-ringar har òg kome til, der me kan kjøpa flotte produkt

direkte frå produsent. I vårt distrikt har me reko-ringar med utlevering på Voss, i Kinsarvik og Odda. Kva då med festivalar/matkulturdagar? - Me treng dei. Der me som forbrukar kan møte produsent, få informasjon direkte frå produsenten og produsent får høve til å prata om og syna fram varene sine.

Hardanger Matkulturfestival er ein stor dugnadsjobb. Det er mange i jobb før ein festival, og ikkje minst no på sjølvé festivaldagen. Dugnad, dette norske ordet som knapt finst i andre land. I 2004 vart «dugnad» kåra til Norges nasjonale ord framfor «ja» og «matpakke». Opp gjennom åra har det vore mange kjende og ukjende kokkar /matambassadørar som har gjesta festivalen; Magnhild Dyrdal, Hanne Frosta, kokken Arthur, Berit Viveli, Berit Nordstrand, Johnny Laupsa Borge og



mange fleire. Det har vore arrangert kurs, konferansar, foredrag, konserter, slakting, fagdagar og utstillingar.

Ingrid Espelid Hovig og Astrid Riddevold gjesta festivalen fleire gonger. Delte raust av sin kunnskap i samtalar med unge og eldre. Interesserte i lokale mattradisjonar. Dei sa dei følte seg som dronningar når dei var her. Og det er dei; matdronningar! Dei kom med toget til Geilo og vart henta der. På tur til Eidfjord - Astrid framme og førte praten. Ingrid i baksetet. På tur tilbake på søndag - motsett. Harald Osa døypte

komiteen «Gladjentene» i 2010 fordi me alltid var glade, blide og løysingsorienterte. Eg tenker på Harald Osa ofta når eg smør på skiva mi; «Bruk godt smør», sa han under foredraget sitt, «og ha smør over heile skiva heilt ut til skorpa. Ikke berre midt på». For meg er Hardangerviddahallen, Norsk naturcenter, Hardanger Matkulturfestival.

Dette flotte bygget, området ute. Når eg kom inn her tidleg ein festivallaurdag, travel aktivitet ute og inne, alle hadde sine oppgåver. Lukt av kaffi, bål takkebakst... Så mange gode minner! Gløymt er regn, vind, parkeringsproblem, trekk

for dei som steikte på takker, straum fram til alle utstillerar. Det som sit att er samarbeid, glede, alle gjester som kom, den flotte dugnadsgjengen, Arild som spelte lur, song med Herborg. Harald Osa som fekk innføring i potekakelaging av Marta Tveito.

Takkneleg for at eg har fått vera med på alt dette, og for at eg har vore ein del av Hardanger Matkulturfestival nokre år. Til alle her; ta ein runde i bodane, slå av ein prat og kjøp minst eit produkt med deg heim. Turen innom juniorkokkane er obligatorisk.



## FIRST LEGO League

**FIRST LEGO League** er ein av dei største kunnskaps- og teknologikonkurransane i verda. Konkurransen har som mål å inspirera barn og unge til å bli morgondagens ingeniørar, forskarar og problemløysarar.

Tekst og biletet: Lægreid skule v/Nina Eiken

I år deltek 6. og 7. klasse på Lægreid skule på First Lego League. I midten av september blei eit nytt tema presentert; Submerged. I løpet av ein periode på åtte veker arbeider me med dette tema tverrfagleg. Me arbeider med ei sjølvvælt problemstilling, forskar på dette tema og skal koma fram med ei innovativ løysing. I tillegg til dette skal me både designa og programmera ein LEGO Education-robot.

I årets oppdrag skal deltakarane utforska havlaga og læra om det som lever der og kva utfordringar menneska som utforskar dette møter. Me har jobba med dette emnet, og diskutert fleire utfordringar i havet. Me landa på at me ville forska meir på utfordringar i havet knytt til kråkebollar. Kråkebollar er nemleg ei stor utfordring i havet då dei beiter ned tareskogen, som er havets regnskog. Tareskogen gjer mat og ly for store og små sjødyr. No er den trua

– me forskar på dette og skal finna ei innovativ løysing på problemet.

9. november reiser me til Odda for å delta på First Lego League. Her skal me delta på minst 3 robotkampar der kvar kamp varer i 2,5 min. Me skal også halda to presentasjonar. Ein om det innovative prosjektet vårt, som handlar om kråkebolleutfordringa. Den andre presentasjonen er om teknologi, der me skal presentera design og programmering.

## Opning av «Kunstbrakko»

**Med auka barnetal i SFO har me dei siste årene merka behov for å få vår eigen plass, der borna lett får tilgang på materiale og utstyr til å brukha kreativiteten sin og skapa ulike ting.**

Tekst og biletet: SFO på Lægreid skule v/Svanhild Farestveit

**O**fte enn me har likt har me mått prioritere slik aktivitet vekk fordi me ikkje har kapasitet til å finne fram, lagra og rydda vekk utstyr. Det har vore ganske tungvindt. Men no har me fått eit flott rom ute ved skuren. Her skal me boltra oss i kreative aktivitetar,

og det beste av alt er at me slepp å bæra og rydde vekk heile tida. I brakka kan det stå framme til neste dag.

Namnet «Kunstbrakko» kom etter namneforslag og avstemming i barnegruppa. Fredag 4. oktober var det

offisiell opning. Varaordførar Kari Lægreid, rådmannen vår Magnus Steigedal og driftsleiar Thomas Hereid Eide var med. Kari klypte snora og holdt ein fin tale til oss, me fekk servert varm solbærsaft og fruktspyd. Me gler oss til å «bu» oss til der.



Snorklypping av varaordførar Kari Lægreid.

# Skuleløp til inntekt for TV-aksjonen 2024

Tekst og bilete: Lægreid skule v/Liv Kristoffersen


Dei siste åra har ungdomstrinnet ved Lægreid skule arrangert skuleløp til inntekt for TV-aksjonen. Sjølvé skuleløpet vart gjennomført på idrettsbanen 17. oktober. Her vart det registrert kor mange rundar kvar elev sprang på ein time. Elevane skaffa sponsorar som betalte fastbeløp eller rundebelelop. Etter gjennomført løp kontakta elevane sponsorane og opplyste om tal rundar og beløp. Sponsorpengane vart sett inn via skulen si nettside på Spleis. 22 elevar sprang til saman nesten 150 kilometer på 60 minutt og fekk inn 31 370 kr. Lægreid skule vil takka alle som har bidrige med små og store beløp – etter ein gong gjer bygda ein formidabel innsats og støttar opp om TV-aksjonen.



# Opning av miniatyrskytebane på Lægreid

**Det var nok 60–70 som møtte då me hadde den offisielle opninga tysdag 15. oktober, der det vart servert kaffi og kaka. Ungane var ivrige, og hadde nok forventa seg at det vart skyting.**

Tekst og bilete: Eidfjord skyttarlag v/leiar Vidar Riber



Skyttarlaget kjøpte i 2022 ein seksjon i det gamle trevarebygget på Lægreid. Før me kunne gå i gang med ombygging til miniatyrskytebane måtte skyttarlaget søkje alle nødvendige løyver. Når det formelle var på plass kunne arbeidet starta. Det var og ein del andre løyver som måtte stettast då det er strenge krav til tryggleik for å laga ein skytebane. Det var heldigvis mange av lagets medlemmar som stilte opp og tok del i arbeidet. Parallelt med dette måtte skyttarlaget også syta for at me hadde nødvendig kapital til innkjøp av materiell og utstyr.

Me er glade for at Eidfjord kommune har støttat prosjektet med 700.000 kroner og at Sparebankstiftinga Hardanger løyva oss 828.000 kroner. Det var varaordførar Kari Lægreid som stod for den offisielle opninga,

og me set pris på at ho då trakk fram at eldsjeler er viktig i ei lita bygd.

Me håpar no at miniatyrskytebanen vert nytta av alle, og håpar at dette også kan vera eit bidrag til rekruttering for både skyttarsporten og jakt generelt. I bygdene kring Hardangervidda har jakt på hjort og rein vore viktig i generasjonar, og ein del av kulturen. Det er generelt færre som driv med dette enn før, men mange ønskjer no å prøva seg på miniatyrskyting.

Me håpar at dette er eit bidrag ikkje minst til å oppretthalda kulturen knytt til jakt og friluftsliv.

Opningstid: Onsdagar kl. 17-19

Stad: Miniatyrskytebanen på Lægreid (gamle trevarebygget)

Aldersgrensa: Frå og med 4.klasse

# Pumptrack

Ungdomsrådet har i fleire år fremja eit ynskje om å få etablert ein pumptrack i Eidfjord. Ein pumptrack er ein modulbasert bane med ulike svingar og bakkar. Du kan nytta til dømes sykel, sparkesykkel eller rulleskeiser. Det er ein allsidig bane, som kan nyttast av både små og store born.



Tekst og bilete: Førebyggingskoordinator Kari Lægreid

**A**rbeidet med å få den på plass har av ulike grunnar teke lengre tid enn fyrst planlagt. Hovudårsaka har vore diskusjon kring plassering. Etter mykje fram og attende landa me på plassering på grusbana ved skuleområdet. Her er bana godt synleg for alle, og kan nyttast saman med andre aktivitetar på idrettsområdet. I tillegg er bana flyttbar då den er modulbasert.

Ein slik sykkelbane kostar ein heil del. Kommunen fullfinansierte prosjektet

i budsjettet, men me har vore så heldige å fått innvilga søknad på midlar frå Sparebankstiftinga Hardanger, og i tillegg får me spelemidlar. Det vil seia at den totale kostnaden for kommunen ikkje vart så stor. Me må også retta ein takk til drift og forvaltning for montering og ferdigstilling av bana.

Me håpar pumptrack'en vil skapa mykje leik og moro for små og store i tida framover.



## NOKRE ORD OM PUMPTRACK'EN

Tekst: SFO på Lægreid skule v/Svanhild Farestveit

I haust vart det montert ein super pumptrack-bane i enden av grusbanen ved Lægreid skule. Denne har vore populær å bruka, og SFO har hjelmar og sparkesyklar som borna bruker når dei suser av gårde. Litt knall og fall har det blitt, men borna rister det av seg og øver flittig!



# Nye leikeapparat i Modnen barnehage

I budsjett for 2024 vart det innvilga pengar til leikeplassar, leikeapparat og utvikling. Modnen barnehage var i vedtaket prioritert.

Tekst og biletet/illustrasjon: Drift og forvaltning

Drift og forvaltning har i slutten oktober ferdigstilt eit nytt leikeapparat, og det store nye er i skrivande stund under oppføring. Dette håper me vert ein kjekk oppgradering av leikeområdet til dei største barna i barnehagen.



Illustrasjon av det store, nye leikeapparatet som er under oppføring.

## Road worlds for seniors

Kan henda dei har sykkeldilla på aktivitetsavdelinga for tida. Dei er nemleg påmeldt «Road worlds for seniors» - verdsmeisterskap i sykling for seniorar.

Tekst: Heidi Herstad Prestegård | Bilete: Aktivitetsavdelinga på bygdaheimen v/Kjellaug Enge

**E**it arrangement som gjer menneske over heile verda mogelegheit til å delta i ei global idretts-hending sjølv om dei kanskje bur på

ein sjukeheim. Dei syklar på ein stasjonær sykkel medan dei ser på skjerm. Videobiblioteket til arrangørane gjer deltakarane moglegheit i å velja i over 2000 (!) videoer frå heile verda, også frå nærmiljøet. Kombinasjonen mellom trening og visuell stimulering skal visstnok vera ei suksess-oppskrift for både kropp og sjel.

Meisterskapet varar frå 7. oktober til 1. november. Med fira dagar att på seg i konkurransen ligg «Team Eidfjord» i skrivende stund registrert med heile 171,5 km. Det er totalt 150 påmeldte lag, og alle mottek medalja for innsatsen.



# Galleri N.Bergslien

2025

- 29.03-12.06 LAUR/SUN/CRUISE 12-16
- 13.06-17.08 DAGLEG 11-17
- 18.08-05.10 LAUR/SUN/CRUISE 12-16

## UTSTILLINGAR

- 27.03 KL. 18 HILDE ANGEL DANIELSEN
- 12.06 KL. 18 KRISTINA AUSTI
- 24.08 KL. 18 OSCAR DEBBS

UTSTILLINGA AV NILS BERGSLIEN STÅR HEILE ÅRET, TA KONTAKT OM DU YNSKJER Å BESØKJA UTSTILLINGA UTANOM SESONGEN

# Eid fjord husflidslag

Husflidslaget har eit svært godt samarbeid med Evjo aktivitetssenter, og me har våre aktivitetar i deira lokale.

Tekst: Eid fjord husflidslag | Bilete: Britta Byggstøyl

**M**e har møte/aktivitetskveld kvar torsdag kl 18 – kl 20. Startar hausten i siste halvdel av august, har joleavslutning ca. fyrste veka i desember, og så held me på ut mai. Då prøver me å finna på noko ekstra som avslutning. I fjor var me på besøk til Hillesvåg ullvarefabrikk, og i vår var me til Tørvikbygd på Berge Gartneri, kanskje ikkje nett så veldig husflidsrelatert, men du verden så kjekt! Mange av kveldane våre kallar me enkelt og greit for «arbeidsmøte». Då har alle med seg det handarbeidet dei vil (det går mykje i spøt), men alle er velkomne både med eller utan. Det sosiale er veldig viktig. Me har også tema-kveldar innimellom. Døme på tema er stell av bunad, ymse strikketeknikkar, perlesaum og hardangersaum. Laga litt jolapynt og måla påskeegg har me også gjort.



Ingebjørg Myklatun, Gro H. Elnan, Gunnhild Sandvin, Randi Litangen og Marte Seip.

Me prøver å få til eit par kurs i året. Hardangersaumkurs har me hatt to år på rad, og nokon av dei som har delteke på desse møtest no anna kvar torsdag (partalsveker) i lokalaet på Evjo kl. 17. Så her er det berre og hiva seg med! Karveskurdkurs har me hatt, og i skrivande stund er me midt oppi eit kurs me har kalla «Omsaum og redesign». Her fiksar me på plagg som kanskje har krympa litt i skåpet, eller gamle ting blir til noko helt nytt. Dette kurset kjem me kanskje til å setja opp til neste år også. Så då er det berre å melda seg på, for dette er kjempekjekt!

Marit Herland ved veven.



Husflidslaget har ansvaret for drift av vevstova på Evjo. Vekinga har vore litt på nedgåande dei par siste åra, men no har det dukka opp eit par nye «vevkjerringar», og det er plass til fleire.

Laget har per i dag 25 medlemmer, veldig kjekt viss det kjem til nye! Men det er ikkje krav om medlemsskap for å koma på torsdagskveldane våre, alle er veldig velkomne! Og ikkje for å skryta, men me er ein skikkeleg triveleg gjeng! Snikkarverkstaden er også open kl. 17-20 same kvelden, og den er det Evjo som har ansvaret for. Så her er det berre å møta opp. Om du tenkjer at «eg kan ikkje noko slikt» - kom i allfall og sjå kva me held på med. Kanskje blir du litt inspirert og får lyst å prøva!



## Vasstrenings

Tekst: Deltakarar på vasstrenings | Bilete: Agurtxane Concellon

**E**in god gjeng i alle aldrar møtast kvar tysdag i bassenget saman med Gisella Orellana Vinge. Med god musikk og herlege rytmar får Gisella oss i gang med jogging, hopping, sparkling, sykling, styrketrenings, push-ups og bøy og tøy i vatnet.

Vasstrenings er ein god kombinasjon av styrke, uthaldenheit og tøyting. Motstanden frå vatnet gjev ei effektiv treningsform, og me nyttar ankelvekter,

fitness-hanskar, finger-paddles og manualar/vekter i dei ulike øvingane. Treningsa kan tilpassast alle ved at du nyttar vekter og manualar etter kor hard trenings du ynskjer.

I tillegg er dette ei treningsform som effektivt beveger heile kroppen. Vatnet sin motstand gjer at du brukar meir energi ved å gjøre dei same øvingane i vatn enn på land. Det er også sosialt og morosamt, og me yt litt ekstra når

supermotivatoren Gisella ropar «KOM IGJEN!!! Ta i no! Stram magen alt de kan! Ein runde til!»

Etter ei god treningsøkt i bassenget kan du slappa av i ei av dei to badstovene i garderobane og reisa heim full av ny energi.

Treningsa er eit tiltak innan folkehelse-arbeidet til Eid fjord kommune.

Vestlendingane si eiga miljøbedrift!

Få tips til å sortera rett på [sortere.no](http://sortere.no)

birvh.no | 56 52 99 00 | birvh@bir.no

Foto: Svenn Ulvund

SAMAN FOR EI GOD SAK

# Nytt frå Eidfjord fjellstyre

Tekst og illustrasjoner:  
Eidfjord fjellstyre v/sekretær Gunnar Elnan



Bilete: Britt Karin Langøy

## Garnfiske

Fjellstyret har selt 106 garnfiskekort. Det er motteke 75 rapportar frå garnfiskarar. For å ha eit riktig statistikkgrunnlag håpar fjellstyret på 100% rapportering. Det er også viktig å ha rapport dersom det ikkje er fiska.

Resultatet i figur A og B vert farga av at det manglar rapportar.


For statistikken frå Nordmannslågen manglar det rapportering. Rapporten syner nedgang i tal aure og samla vekt. Samstundes tyder statistikken på at snittvekta er høgare frå haustens fangst (Figur C).

Statistikken frå Tinnhølen viser og nedgang i fangstnålsats og utbytte. Det er samanheng mellom fangstnålsats og utbytte (Figur D).


Utbytte vist med tal aure og kilo aure per garn i ei natt syner nedgang. Det er utført prøvefiske for fjellstyret i 4 vatn. Resultatet frå dette inngår også i fangstresultatet. Rapportane frå prøvefiske vert teke inn i årsmeldinga.

## Reinsjaka


Samla vart det felt 9 bukkar 2,5 år og eldre under årets jakt. Dette er lågaste utbytte på mange år. Vêret får ha mykje av skulda for det låge talet, men lite bukk som er vanskeleg å få skot på er også medverkande.




Figur A



Figur B



Figur C



Figur D



Her er nokre av vraka teke ut til Tinnhølen der dei vart henta med lastebil for levering til godkjent mottak. Bilete: Eidfjord fjellstyre

## Innsamling av båtvrek

Fjellstyret gjennomførte innsamling av 14-15 båtvrek i løpet av året. Arbeidet med innsamling vart gjort av fjelopp-synet, og arbeidet vart finansiert gjennom tilskot frå Handelens Miljøfond. Fjellstyret vil takka for god oppslutning, og oppmora til innmelding av vrak der som det framleis ligg vrak att i fjellet.

## Saker fjellstyre arbeider med framover

Fjellstyret vil nyta høve til å informera om saker det vert arbeidd med. Dersom det er interessa for å koma med innspel, setter fjellstyret pris på det.

- Fjellstyrehytta i Skulevika er stengd. Denne er i dårleg forfatning og det er eit ynske frå fjellstyret å setja opp ei erstatningshytta. Det er sett på lokalitetar inne ved Olavsbuvatnet. Her er det fiskemoglegheiter og lett tilkomst.
- Tiltaksplan for villrein. Statsallmenningen er ein viktig del av Hardangervidda villreinområde. Fjellstyret ser det som viktig å bevare villreinstamma på vidda, og ser det som naudsint med tiltak for at villreinen skal nyta «aokan» del av vidda. Som eit konkret tiltak, ikkje minst i forhold til å føra kontroll med utviklinga av skrantesjuke, vil fjellstyret vurdera å redusera stongfisketilbodet sør for Nordmannslågenvassdraget. Det er erfart auka menneskeleg aktivitet som har vore til hinder for trekk og jakt i området.
- Arbeidet med revisjon av forvaltningsplan for verneområda på Hardangervidda er starta opp i regi av Statsforvaltaren. Det aller meste av allmenninga inngår i verneområda. Fjellstyret vil vera ein aktiv deltar i denne prosessen. Omsynet til villreinen vil vera sentralt i denne prosessen.

# Landstraum for cruiseskip

Tekst: Inge Tangerås, Visit Eidfjord KF

## Landstraum til cruise er viktig for å nå lokale utsleppsmål.

Fordi turistnæring og cruise er viktig for kommuneøkonomien, tok kommunaleininga i 2020 initiativ til eit forprosjekt for etablering av landstraum for cruiseskip i Eidfjord. Etter fullført forprosjekt vedtok dei å søkja Enova-stønad for tiltaket. Tilsagn om støtte på inntil 20 mill. kroner vart innvilga av Enova i 1. kvartal 2024, med føresetnad om ferdig anlegg fyrste halvår i 2026.

I Eidfjord kommune sin kommunedelplan for klima og energi er målet å redusera lokale utslepp med 40 % innan 2030. Etablering av landstraum til cruiseskip og andre båtar med regelmessige anløp, er eit viktig tiltak i planen. Tal frå Miljødirektoratet syner utslepp av klimagassar i Eidfjord kommune på 13.543 tonn i 2018. Av dette kom 2.920 tonn frå cruiseskip.

I søkeren til Enova sendt i november 2023 er utsleppa frå cruise estimert til 3.617 tonn i 2030. For å oppnå kommunens mål om 40% reduksjon i klimagassutslepp, er landstraum til cruiseskip svært viktig. Alle cruiseskip kopla til




Bilete: Grete Næss

landstraum i 2030 (som også EU krev) reduserer utsleppa i kommunen med 3.617 tonn. For å oppnå målet må då andre sektorar redusera utsleppa med 30% innan 2030.

Utan landstraum må andre sektorar ta ein større del av kommunens samla utslepp (58 %) om me skal nå målsetjinga som er vedteke i kommunedelplanen.

Landstraum til cruiseskip (og andre fartøy i hamna) er svært viktig for å oppfylle kommunens mål og ambisjonar i planen for klima og energi. I tillegg til å fjerna utslepp frå skipa vert det også slutt på motorstøy frå skipa ved kai.

I samsvar med føresetnad i Enovasøknaden er detaljprosjektering av anlegget i gang. Viktige avklaringar er effektbehov, plassering av anlegget, kabelgrøfter, arrangement kai/skip, og ikkje minst kostnadar, finansiering og drift av anlegget. Ein viktig føresetnad for investeringa er at prosjektet skal vera lønsamt utan økonomisk medverknad frå kommunen.



# Forteljinga om trollet

Tekst og bilet: Yana Surus, kom frå Ukraina til Eidfjord i 2022

Det lille trollet så opp. «mamma, jeg ser en ørn, den svever høyt oppe på himmelen.»

«Ja, min lille venn,» svarte mamma troll med et smil. «Der ørnen svever høyt over Simadal, er det frihet.» Det lille trollet sukket. Han så på ørnen som fløy høyt, høyt oppe på himmelen. «mamma, fortell meg hva som er der nede?» «Nede er det mennesker, lille venn, fjorder og skog. Ser du det store skipet som

har tent lysene sine? Hun heter Aida. Skipet skal seile langt, helt ut til havet.»

Det lille trollet så på det store skipet, skogen, den svevende ørnen og de små, travle menneskene. «Mamma, jeg vil ned til menneskene.» Mamma troll sukket. Samtidig begynte små steiner å trille ned fra fjelltoppen. Folk snudde seg mot lyden og så opp på den høye fjellveggen. «Mamma, jeg ser ansiktet til trollet,» sa den lille gutten til moren sin. «Det er

rett i fjellet.» Det lille trollet så på den lille menneskegutten, og den lille gutten så på det store fjellet. Der ørnen svever over Simadal, der den klare, norske himmelen er opplyst av nordlyset, ser trollene på oss. Se på fjellet. Ser du ansiktene deres?

Utrølig og trist, de liggjer og venter... Men smiler du til dem, vil de smile tilbake!



# Skuletur frå Fagerheim til Halne

Tekst: 8. klasse på Lægreid skule

Ein gjeng med \_\_\_\_\_ tryner møtte opp på Eidfjord busshaldeplass, og var klare for ein \_\_\_\_\_ dag i fjellet. Då me kom opp på fjellet var det \_\_\_\_\_ kaldt, men det blei betre då me begynte å gå på den \_\_\_\_\_ stien. Me gjekk lenge og kom fram til den\_\_\_\_\_ turisthytta der me skulle eta lunsj. Då alle hadde spist opp den \_\_\_\_\_ baguetten måtte me fortsette på den \_\_\_\_\_. turen. Dei \_\_\_\_\_ lærarane var veldig glade for å gå på tur på det \_\_\_\_\_ fjellet. Då me kom fram til den \_\_\_\_\_ bussen og skulle heim, blei alle \_\_\_\_\_ glade og hoppa av \_\_\_\_\_ glede.

Rosa      Boblete      Ekkel      Rund      Firkanta  
Klissete      Stor      Stikkete      Slapp      Gurglete



# Ungdomstrinnet på skuletur frå Fagerheim til Halne

Tekst: 8. klasse på Lægreid skule v/ Conrad og Andreas H.

Turen begynte med ein busstur til Fagerheim. Då me kom fram var det var sol og klart med litt kulde i lufta. Det blåste ganske greitt, men ikkje for mykke. Me gjekk på ein sti attmed eit fint vatn. Stien var fylt av stein, myr, nokre bekkar og lyng. Me opp ein bakke over ein topp. så gjekk me ned til Krækka der me hadde ein god matpause.

Me gjekk litt rundt og det var flott natur. Etter pausen starta me på etappen til Halne fjellstova. Fyrst så gjekk me til ei elv med ei bru som me gjekk over. Så var det ein bratt bakke me skulle opp og den gjekk fint. Då me kom opp

på toppen var det flatt og flott natur. Heldigvis var det mange bekkar der me kunne fylla vatnflaska. Endeleg kom det ein nedoverbakke og målet var nådd, nemleg Halne. Me venta ei stund på

at bussen skulle køyra oss tilbake til Eidfjord. Turen var flott og ikkje altfor slitsam. Me anbefaler alle som har lyst på ein flott fjelltur til å ta denne turen, men hugs å ta med kjeks og brus.



# Friminutta på Lægreid skule

Tekst: 8. klasse på Lægreid skule v/ Linus og Lukas

Friminutta på ungdomstrinnet er veldig kjekke spesielt når me kan spele fotball i ballbingen eller ha slåball på grusbanen. Det første friminuttet varer i 10 minutt, det andre varer i 40 minutt og det tredje friminuttet varer i 10 minutt. Mesteparten av elevane på ungdomstrinnet er oftast i


ballbingen, men når det er regn så er dei i skuret.

I haust var det veldig populært med Frisbee, kanskje det er noko me kan gjere meir av til våren igjen.

Det er tilbod om leksehjelp kvar onsdag i matfriminuttet, og det er det mange

som nyttar seg av. Godt å vere ferdig med arbeidet på skulen.

Etter haustferien kan me vere inne og spele kort eller spel kvar mandag og torsdag i gangen på ungdomstrinnet. Tysdag og fredagar kan me vere i idrettshallen og ha ulike aktivitetar.



# OPEN

Måndag til fredag 9-21  
Laurdag 9-18

Joker sender ikkje lenger ut tilbodsavis.

Du finn den i butikken,  
eller scann QR-koden under for vekentleg tilbodsavis.





# 4H distriksleir på Bu 14.-16. juni 2024

Tekst: Styreleiar Anna Kaspara Lægreid Rinaldo | Bilete: Varden 4H

**A**lt starta på årsmøtet for 2023, då det vart klart at klubben i distriket vårt ikkje klarte å få i stand ein distriksleir til sommaren 2024. Dermed ville det sei at det ikkje ville bli ein leir som dei yngste medlemmane (9-12 år) kunne reisa på. Då heiv me i styret for Varden 4H oss rundt og sende inn til 4H fylkeskontor om at me ville laga ein distriksleir. Og det fekk me lov til! Dette vart årets prosjektoppgåve for oss seniorar i Varden 4H.

Då starta planlegginga vår. Me hadde 3 fysiske møter pluss nokre telefonsamtalar under vegs. Invitasjon vart skrive og sendt til alle klubbanne i Hardanger. Det vart mykje snakk om korleis me skulle utføra dei ulike aktivitetane og kva dei skulle vera. Og kor mykje mat og drikka ville gå med til eit ukjend antal leir-medlemmar??

Det vart påmeld 25 aspirantar og 1. års juniorar til leiren, dei kom frå 5 ulike 4H-klubbar i Hardanger. Det var òg 6

klubbrådgjeverar med på leiren, så totalt var me over 30 personar.

I staden for at ungane skulle velgja ein aktivitet på førehand så hadde me planlagt ulike leikar både fredag og laurdag. Fredag vart det leikar som handla om å samarbeida og å bli kjend på ein kjekk måte. Alle i styret holdt 1 leik kvar. Dette vart ein utruleg bra fyrste dag!

På laurdagen delte me 4H-arane inn i 3 lag. Lagene var: Bønder, Malarar og Budeier.



Leirplassen

Aktivitetane var veldig varierte og kjekke, nokre var livlege og morosame, nokre var litt

rolege og meir tenkande. Me såg at ungane koste seg gjennom dagen og hadde det kjekt på tvers av klubbane. Det er også viktig med pause, så me la inn litt tid der dei kunne gjera kva dei ville.

På søndagen tok me i styret ein evaluering med det same leiren var over. Me var einige om at det var mindre å gjera

enn det me trudde det skulle vera. Me såg at deltakarane koste seg og blei meir trygge på kvarandre. Bilder der vi sit og planlegger/evaluerar.

Leirplassen vår på det gamle skulehuset på Bu fungerte heilt supert. Det var trygt, oversiktleg, god plass til telt/lavvo og aktivitetane. Det var også nye leikeapparater der som var eit pluss. Inndelinga på laurdagen med bønder, budeier og malarar gav ein følelse av tilhørssle som er veldig viktig. Dette vart me arrangørane stolte av at fungerte.

Alle frukostane blei servert inne der me hadde ein liten buffet me brød og pålegg. Me åt middagen og lunsjen ute, som er vanleg på 4H-leir. Me fekk veldig god stønad frå dei lokale bedriftene og organisasjonane i form av pengestønad og eplesaft, egg, mjølk og yoghurt i store mengder. Me hadde ikkje klart oss utan, så dette var me utruleg takknemlege for!

Ein annan god ting å erfara var at me ikkje hadde nemnt i invitasjonen at alle klubbanne skulle ta med telt. Så eit par klubbar kom utan telt, men det klarte me å ordna opp i. Og gjett om det vart kjekke kveldar (og litt seint) i teltleiren!

Alt i alt synst me at leiren vart ein stor suksess! Me lærde mykje nytt av å arrangera ein 4H-leir frå start til slutt, og 4H-medlemmane fekk ei oppleveling dei vil hugsa lenge.



Budeiene i lagarbeid

# Xtremeidfjord

## Dynafit Hardangerjøkulen Ultra 13. juli – rekordmange deltarar fekk ei flott oppleving i strålande vêr.

Tekst: Anita Fredheim Limstrand (styreleiar Xtremeidfjord), Vegard Boge (løpsleiar Dynafit Hardangerjøkulen Ultra), Irene Viveli (løpsleiar Dynafit Hardangervidda Maraton)

Laurdag 13. juli 2024 inviterte Xtremeidfjord igjen til det årlege løpet Dynafit Hardangerjøkulen Ultra. Ei spektakulær løpsoppleveling der deltararane spring 95 km rundt Norges finaste isbre, Hardangerjøkulen, eller 34 km, der du spring tett på breen.

Start og mål er på Liseth, løparane på 95 km er innom Rembesdal, Finse, Krækkja og Kjeldebu. Ei variert løype som byr på fantastisk natur og løype rundt Hardangerjøkulen. Ein følgjer DNT sitt rutenett. Slik som ultraløpet er også 34 km eit reit fjelløp. Løparane må sjølv navigere langs DNT sine stiar ved hjelp av GPS. Løypa føl første del den same traseen som ultraen, men på høgda før Rembesdal skil løypene lag.

Løpet vart arrangert for første gong i 2019 etter eit testløp i 2018. Corona og snø i løypa og øydelagde bruer har skapt utfordringar for gjennomføring av løpet, men i fjar kunne 62 sprekingar stille til start, og også i år låg løypa klar for løparane. Det har aldri vore så

mange startande som i år, 59 på 95 km og 67 på 34 km - ein flott rekord som foreininga ynskjer å byggje vidare på. Det var deltararar frå Sverige, Finland, Nederland, Frankrike og USA, i tillegg til Norge. Mange av deltararane har vore med på løpet fleire gonger.

### Crewløp

Helga før løpa vart det for første gang arrangert crew på Dynafit Hardangerjøkulen 34 km der 5 av crewet var ute og testa den nydelege løypa.

Me kryssar fingrane for at snøen forsvinn i god tid før neste års løp og gler oss til å ta imot mange flotte deltararar til neste år også!

### Dynafit Hardangervidda Maraton

Ein heidundrande festdag med hundrevis av ekstatiske deltararar

Laurdag 31. august var det duka for den årlege løpsfesten

Dynafit Hardangervidda Maraton. Arrangementet har etablert seg som eit populært valg blant løparar i inn- og utland. Magisk stemning og lave skuldrar kombinert med gode løyper i nydelig fjellterring har vist seg som ein god kombinasjon. Informasjon om løpet blir i størst grad retta mot løpeglade nordmenn, men også utanlandske løparar har fått augene opp for løpet. 10 ulike nasjonar var representert på startstreken denne dagen. Desse fekk servert ein festdag av dimensjonar i naturskjønne omgivelsar på Hardangervidda.

Det er sett eit tak på 500 deltararar og løpet var fullteikna på under ei veke. Målet med løpet er ikkje å ha flest muleg deltararar, men legge til rette for ei uforgløymeleg oppleving for dei som er med. Sjølv om det er stor rift om plassene føreligg det ingen planar om å utvide antal deltararar.

Mykje regn i vekene før løpet gjorde terrenget tungt, vått og sleipt. At folk likevel storkosa seg i løypene var det ingen tvil om. Det var skrattning, hoiing og breie smil over heile linja.

Stadig fleire Eidfjordingar stiller til start på Hardangervidda Maraton, det synes me i Xtremeidfjord er skikkeleg stas!

### Mange gjør mykje

I kulissane sørga eit samkørt og dedikert crew for ei velsmurt gjennomføring av arrangementet. Mange i crewet har vore med i fleire år, samtidig kjem det nye til. Ei perfekt blanding. Crewet spelar ei viktig rolle i arrangementet, det kan ikkje nevnast ofte nok. Me har det skikkeleg kjekt i lag og er stolte av løpet vårt. Dette trur me er nøkkelen for å levere solide arrangementer med topp stemning år etter år. At hyttefolket også

støttar opp om arrangementet med heiastemning i løypene betyr også mykje, både for oss og deltararane våre.

### Crewløp

Tradisjonen tru så vart det også i år arrangert crewløp helga før løpet og dagen var prega av supergod stemning og søkkvåte, skitne bein. Flott innsats at dei 9 som testa løypa.

Me er godt fornøgd med gjennomføringa av Dynafit Hardangervidda Maraton 2024 og ser allereie fram til neste år. Då skal me igjen vere klare for å levere enda ein uforgløymeleg dag i fjellet for både deltararar og publikum.

### Liv på Liseth

Liseth Pensjonat & Hyttetun er basen vår på begge løpa. Her kan alle som vil komme å heie løparane i mål, kjøpe knallfine kle i Dynafit butikken vår, kjøpe seg middag og kose seg ved bålpanna medan ein kan følge med på løparane på storskjerm heile dagen og natta (på ultraløpet). Det er veldig kjekt at hyttefolk engasjerer seg og vil vera med i heiagjengen.

### Crew

Xtremeidfjord er ein frivillig organisasjon og det er lagt ned ein stor dugnadsinnsats av eit fantastisk crew. Utan crewet hadde det ikkje vore muleg å arrangere dette løpet, og Eidfjord er



Stine Hereid Myklatun, Dynafit Hardangervidda Marathon. Bilete: Åsmund Aarsand.



Jostein Børve Hernes, Dynafit Hardangerjøkulen Ultra. Bilete: Kai-Otto Melau.



Dynafit Hardangervidda Maraton. Bilete: Kai-Otto Melau.



Lisa Fredheim Limstrand og Eivind Bu. Bilete: Anita Fredheim Limstrand.

kjend for dei blide dugnadsfolka som heiar fram deltararane med flaggborg både ved start, underveis i løypa og i målområdet.

### Sponsorar

Det er ingen stor butikk å arrangere slike løp, men pengar er ikkje i fokus for foreininga. Målet er å setje Eidfjord og Hardanger på kartet og skape unike opplevingar for både deltararar og crew. Med hjelp frå gode støttespelarar frå ulike firma i Hardanger kan me drive løpa på ein god måte.

Me har også med oss Vekselbanken som hovudsponsor og dei stilte med

imponerande 15 ansatte på startstreken på årets Dynafit Hardangervidda Maraton.

Tittelsponsor Dynafit / Vertical Playground leverer klær til crew og finisher skjorter til løparane. Dette er me veldig takksame for.

### Løpsdatoar 2025:

- Dynafit Hardangerjøkulen Ultra: 12. juli.
- Dynafit Hardangervidda Maraton: 30. august.

[www.xtremeidfjord.no](http://www.xtremeidfjord.no)



# Konsert i Øvre Eidfjord ungdomshus

Tekst: Heidi Herstad Prestegård | Bilete: Heidi Herstad Prestegård og Helene Bratland

Nærare 45 lyttarar, både innan- og utanbygdarar, var til stades under konserten med Alexander Aga Røynstrand fredag 18. oktober. Gravensaren framførte eit breidt spekter av feleslåttar frå Hardanger, Valdres og Telemark. Sjølvsgåt med gode historiar imellom kvar slått, som råma det heile inn for oss i salen. Før konsertstart var det sal av mat og kaffi i kjellarren. Tusen takk til grändalaget som skipa det heile til. Det gjev ei god kjensla i eit aovetning-hjarta når det er både ljós og varme i ungdomshuset i Øvre Eidfjord.



PS: Sundag 8. desember kl. 17.30 er det jolabingo i ungdomshuset.

## Nytt tilbod til dei minste: Bevegelsesglede!

Tekst og bilete: Eidfjord idrettslag v/Sindre Øydvin

**26. oktober hadde Bevegelsesglede sitt første arrangement i idrettshallen. Det var 23 stykk som møtte og leika seg i hallen.**




**G**ruppa er ny og er hovudsakleg for kull 21, 22 og 23 i Modner barnehage. Bevegelsesglede er også eit samlingspunkt for småbarnsfamiliane i Eidfjord, kor me samlast til leik og moro. Det blir servert kaffi til trøtte småbarnsforeldre medan ungane leikar fritt i idrettshallen. Alle hjelper til med å finna fram og å rydda på plass utstyr frå bodane. Ungane må ha med seg minst ein voksen.

Det er inga påmelding, men last gjerna ned Spond-app'en og meld dykk på der. Då har me oversikt over kor mange som kjem, og kan samstundes melda frå om eit arrangement av ein eller anna grunn skulle bli avlyst. I Spond får du også oversikt over alle komande arrangement slik at du kan planleggja. Uansett tek me sikte på å halda Bevegelsesglede ope kvar laurdag klokka 09:30 til 11:30 i idrettshallen. Det er godt å samlast inne i vinterhalvåret, særleg med dei minste.

Håpar innleget her i Eidfjordnytt når ut til alle som har lyst til å vera med!

**Tips:** Ta med drikkeflaska, noko å eta, og stellebag med skift og bleier.

## Oversikt over faste aktivitetar i Eidfjord



Dersom du ynskjer at ditt lag/din organisasjon skal vera med i oversikta over faste aktivitetar, ta kontakt med heimesideredaksjonen.

**E-post:** heimesida@eidfjord.kommune.no

Endringar kan førekoma, ta difor kontakt med arrangør for nøyaktig informasjon.



## Vekselbanken i Eidfjord

Vekselbanken satsar vidare i Hardanger. Har du lyst til å verta kunde eller å jobba i banken ta kontakt med Lillian på telefonnr. 975 52 501 tysdag, onsdag og torsdagar, ring gjerne for å avtala møte med ho.

De kan også kontakta ho på e-post: ll@vekselbanken.no



Me er ein god medspelar for kundane våre i alle livfasar og situasjoner. Du får personleg service og rådgjeving i samspel med smarte digitale løysingar. Du kan treffa oss på vårt hovudkontor i Voss sentrum, eller på Sentrumstunet i Eidfjord. Les meir på [vekselbanken.no](#)

# Utfordringar for ukrainske flyktingar i Noreg

**Kampen for å finna jobb, og behovet for mogleger.**

Tekst: Rita Aidyn – kom frå Ukraina til Eidfjord i 2022.

Eg vil gjerne snakka om utfordringane med sysselsetjing for flyktningar. Eidfjord er ei lita bygd, og kan dverre ikkje tilby arbeid til alle lokale innbyggjarar. Dei som vil arbeida, men ikkje kan (av ulike årsaker, både rimelege og urimelege), er dei som lir mest. Det finst sjølv sagt spesifikke kriterium og spesialiserte jobbar, men mange ukrainarar som har flykta frå krigen opplever at arbeidsgjevarar rett og slett ikkje gjev dei ein sjanse. Trass i utdanning, kvalifikasjonar og arbeidsvilje, blir

mange verande arbeidslause eller tvinga til å ta mellombelse eller sesongbaserte jobbar. Manglande språkkunnskap eller avgrensa ferdigheiter gjer ikkje nokon til ein dårleg arbeidar, det gjer heller ikkje uvitenheit om kultur og mentalitet. Vilja til å arbeida og å forsørga seg sjølv er eigenskapar som gjer ein person til ein god arbeidar.


Det er viktig å gje folk ein sjanse til å visa kva dei kan, for berre gjennom praksis og erfaring kan det verkeleg

visast kva ein person er i stand til. I følgje neverande statistikk er mellom 30% og 45% av ukrainarane i arbeid, men det blir ikkje nemnt kva type jobbar dei har. Over halvparten jobbar i mellombelse stillingar, utan tryggleik for framtida, og dei fleste har ikkje moglegheit til å få ein fast stilling. Av dei som er i arbeid, var om lag 40% mellombels tilsette i juni 2024. Dette betyr at arbeidsgjevaren rapporterte jobben som tidsavgrensa, i motsetnad til såkalla faste stillingar der varigheita ikkje er spesifisert.

Det er vanskeleg å formidla sysselsettjingsproblemet til dei lokale innbyggjarane. Ein flyktning kjenner seg nesten alltid innesperra, av reglar for flyktningar, lover for flyktningar og avgrensingar som følgjer dei overalt. Statusen som flyktning er ei bør som held ein person konstant stressa. Eg ber om at desse menneska får ein sjanse. Dei treng det, i det minste for å kunne forsørga seg sjølv, og aller helst for å ha ei framtid. Denne onde sirkelen gjer livet endå meir vanskeleg for flyktningar - dei blir tvinga til å ta kva som helst arbeid for å overleva, sjølv om dei kunne ha bidrige mykje meir til samfunnet dersom dei fekk moglegheit til å visa kva dei kan.

Mitt eige døme: Eg er ein kvalifisert spesialist innan farmasien. Eg studerte i 7,5 år på høgskule og universitet. Eg har ein ukrainsk bachelorgrad, som tilsvrar ein norsk mastergrad. Eg er klar til å trena og arbeida i eit apotek, men byråkrati og endelause ventetider (11 månader berre for å få eit stempel) på dokumenta mine hindrar meg i å arbeida og gjere meir enn det eg gjer i dag.

Ha ein god dag, og hugs at berre venlegheit kan endre verda til det betre!



Bilete: Katrine Helle Riber

# Eidfjord nettavis

Tekst og bilete: Heidi Herstad Prestegård

– Eg skal tetta eit hòl. Eg skal laga ei nettavis som fortel om det som skjer i Eidfjord. Inga sak er for lita, ei heller for stor. Og avisar skal vera gratis.

Det seier Odd Gunnar Nordengen – journalist gjennom eit langt liv, som no har vore busett i Eidfjord i snart to år.

– Eg ser sjølv, og høyrer frå folk, at Eidfjord er i ei slags «bakevja» når det gjeld informasjon.

Og han utdjuper:

– Lokalavisene Hordaland og Hardanger Folkeblad, med tilhøyre på Voss og i Ullensvang, har naturleg nok fokus på sine nærområde. Det er forståeleg. Men, det betyr at dekkinga av det som skjer i Eidfjord vert mangefull – ja, nesten fråverande. Når dei skriv om Eidfjord er det jamnt over god journalistikk, men dei fyl sjeldan opp aktuelle saker. Dei registrerer ulike hendingar og saker, men det vert ofte med det.

Mangel på nærvære og interesse resulterer i at avisene ikkje får med seg det innbyggjarande er opptekne av.

– Dette hølet skal eg tetta. Eg skal driva ein journalistikk som fortel både om



Odd Gunnar Nordengen har gjennom eit langt journalistliv mellom anna arbeidd som politisk reportar på Stortinget. No lagar han nettavis om Eidfjord.

den vesle jenta på seks år som leiter etter katten, og om politikaren som vegrar seg for å svara. Eg skal som Fredrik Solvang i Debatten på NRK (for øvrig utan samanlikning) spørja: «Eg forstår ikkje kva du seier, og du svarar ikkje på det eg spør om».

Odd Gunnar har mange saker på blokksj, som vil vekkja både begeistring og oppsikt.

– Det kan eg lova!

Fylg med på eidfjord-nettavis.no




Nedrevåg AS  
Tlf.: 53 66 35 05  
Epost: info@nedреваag.no  
Husemoen 13  
5780 Kinsarvik

Nedrevåg AS utfører alt av byggmester- entreprenør tenester i Hardanger og omegn.

Me er lokalisert i Kinsarvik og har om lag 22 tilsette.

Me leverer totalentreprisar samt oppdrag frå privatkundar, utbyggjarar og offentlege aktørar.

Ta gjerne kontakt med oss for eit uforpliktande tilbod på arbeid du vil ha utført.



## Terrengløp

Tekst: Heidi Herstad Prestegård  
Bilete: Heidi Herstad Prestegård og Synne Gullbrå Fjelland

Heldige er me, med eit idrettslag i bygda som arrangerar terrengløp for ungane våre! Eit lavterskelt tilbod til småbarnsfamiliar fem onsdagar i september/oktober, annakvar gong i skogen på Hereid og Lægreid.

Onsdag 23. oktober var siste løp for i år. Etter sluttspurten i mål denne dagen kunne ungane kosa seg med rykande varm havregraut til kveldsmat, sponsa av Vøringsfoss hotel. Deretter vanka det både medalja og applaus til alle deltakarane.



## Kva skjer i Toneskredo?

Tekst: Toneskredo v/leiar Hilde Anette Bu | Bilete: Åshild Djønne Eriksen

**T**oneskredo er eit aktivt blanda kor i Eidfjord, som likar best å synga firstemt. Det gjer me under god rettleiing av vår kjære dirigent Tom Jarle Istad Kristiansen, som har geleida oss gjennom mange kjekke prosjekt.

Koret øver i kyrkja måndagar kl.19.00-22.00 i partalsveker, og her er det plass til fleire. At me øver i kyrkja betyr ikkje at me er eit kyrkje-kor, men det er rett og slett ein god og praktisk plass å ha øvingar. Så vi er takknemlege for at vi får nytta den!

I skrivande stund er det julesongar som gjeld. Det vert julekonsert i Eidfjord kyrkje söndag 15. desember. Me har i år hatt fokus på å få skifta ut litt songar, så her skal det vera både nytt og gammalt, kjent og ukjent.

Denne våren hadde me eit prosjekt saman med Vik Songlag og Vossagospel, og temaet var gospel-musikk. Det var utrøeg kjekt å skapa musikk saman med så mange, og me var alle einige om at dette må me gjere om att!

I januar 2025 byrjar me difor å øva inn heilt nytt repertoar: Musical!! Dette skal bli så kjekt!!! Tom Jarle, som er dirigent for alle desse tre kora, driv og set saman ei god blanding frå ulike musikalar. Høyres ikkje dette spennande ut? Me satsar på å ha eit par fellesøvingar med Vik Songlag og Vossagospel i løpet av vinter/vår, og så vert det ei konserthelg til våren.

Kom og bli med oss på øving! Me lovar god stemning, låge skuldrar og nye musikalske opplevelingar.



## 10. oktober: Verdensdagen for psykisk helse

Tekst og bilete: Helseavdelinga

I år vart du oppfordra til å setja av åtte minutt kvar dag til å snakka med nokon du bryr deg om. Det er enklare enn du trur, og betyr meir enn du anar.

Årets kampanje vil bidra til aktive grep for å styrka relasjonane dine, for å gje livet meir mening i ei uroleg tid.

Ein studie frå 2021 syntet at korte, regelmessige telefonsamtalar på rundt 10 minutt hadde ein tydeleg effekt på einsemd, angst og depresjon.

I år hadde me lyst til å markera dagen saman med elevane på skulen. Helseavdelinga ved psykiatrisk sjukpleiar, helsesjukepleiar og førebyggingskoordinator gjekk saman for å planleggja ein frukost for alle elevane på skulen. Dette var svært populært, og det verka som elevane koste seg. Frukosten vart toppa med lokal eplehus og frukt frå Nibio på Lofthus.

Maten som vart att tok me ned på ungdomsklubben på kvelden.

Me laga òg aktivitetar for elvane på skulen:

Småtrinnet hadde bokstavlek for å fremja samarbeid.

Mellomtrinnet og ungdomstrinnet hadde spørsmålsaktivitetar, spørsmålkort der to og to prata saman i to minutt. Så sprang dei vidare til neste kjepla og ny samtalepartnar etter to minutt. Veldig god og roleg stemning, og det såg ut til at ungdommane både lytta og prata saman. Bokstavlek/sam arbeidsøving til slutt.

Alle fekk stress-hjarter etter gjennomført opplegg.

Ein fin dag der elvane tok seg tid til å prata saman, og å sjå kvarandre.



I tillegg markerte me årets kampanje på ungdomsklubben 18. oktober. Då kom psykiatrisk sjukpleiar på besøk på ungdomsklubben. Me laga god mat ilag og hadde sosialt samvær.

**Husk å sjekke innom de som...**

|  |                                 |  |                                   |  |                                   |  |                                     |  |                       |
|--|---------------------------------|--|-----------------------------------|--|-----------------------------------|--|-------------------------------------|--|-----------------------|
|  | ...alltid er der for andre      |  | ...virker som de har alt på stell |  | ...har vært stille i det siste    |  | ...ikke virker som seg selv         |  | ...aldri ber om hjelp |
|  | ...går gjennom store livsendlar |  | ...alltid virker glade            |  | ...spørker bort alt det alvorlige |  | ...du ikke har hørt fra på en stund |  |                       |

**VERDENSDAGEN FOR PSYKISK HELSE**

# Open brannstasjon

**7. september i var det tid for open dag på brannstasjonen. Mange små og store kom på besøk, så det var godt oppmøte i år igjen.**

Tekst og bilete: Eidfjord brannvern

Det var kunnskapsløypa, du kunne sitja på med brannbilen og spruta med vass-slangen. Det var servering av kaffi, kaka og brus til alle.

Dette er ein veldig kjekk dag for Eidfjord brannvern, og høgdepunktet er nok når Bjørnис kjem for å helsa på store og små.



# Eigenberedskap

**Kwart år, i vike 44, er det eigenberedskapsveka. I år fekk alle landets hustandar brosjyra i posten frå Direktoratet for samfunnsikkerheit og beredskap (DSB).**

Tekst: Beredskapskoordinator Åshild Djønne Eriksen | Bilete: Daniel Fatnes/DSB

mai 2024 vart råda for eigenberedskap oppdatert. Den største endringa er at anbefalt varigheit på eigenberedskapen aukar frå minst 3 dagar til ei veka. Målet med å ha ei årleg landsomfattande eigenberedskapsveka er ei godt førebudd befolkning, auka kunnskap og bevisstheit slik at me alle gjer fornuftige førebuingar.

## Endring i eigenberedskapsråda

Bakgrunnen for at myndighetene vel å endra beredskapsråda er fleire:

- Klimaendringar har bidrige til meir ekstremvær, som kan føra til bortfall av kritisk infrastruktur som straum, mobilnett og vatn
- Det er endringar i den sikkerheit-politiske situasjonen dei siste åra, som fører til at Noreg må modernisera totalforsvaret sitt.
- Auka beredskap og bevisstheit blandt befolkninga er ein naturleg del av arbeidet med eit moderne totalforsvar.

- Kvar enkelt kan ta vare på seg sjølv og sine over lenger tid om noko uforutsett skulle skje.

## Verdas tryggaste - og likavel sårbar

Noreg er eit av verdas tryggaste og stabile land å bu i, men me er vane med at

det meste fungerar som det skal. Sjølv om me lever i eit trygt land, kan uynskje hendingar også oppstå hjå oss. Dersom me blir ramma av ei stor hending eller krisa, er det mange som vil trenga hjelpe samstundes.

## Er du førebudd?

Korleis vil du og dine nærmeste klara dykk dersom straumen blir vekke i ein lengre periode? Kva gjør du dersom vatnet forsvinn? Kva om du ikkje får handla på ei veka?

Straumbrot kan gjere at det ikkje kjem vatn i springen, og føra til at kloakksystem, medisinsk utstyr, lading av elbil, betalingsløysingar, internett, mobiltelefon, radio, kjøleskap og utstyr til matlagning ikkje fungerar som normalt.

Eigenberedskap handlar om å vera førebudd på slike situasjoner, og du er ein del av beredskapen i Noreg.

Det er mange nyttige tips og lesestoff å finna på: [www.sikkerhverdag.no](http://www.sikkerhverdag.no).

På [sikkerhverdag.no](http://sikkerhverdag.no) kan du også lasta ned informasjon på mange ulike språk.



Les og følg råda om eigenberedskap på [sikkerhverdag.no](http://sikkerhverdag.no)

## KVA GJER ME LOKALT I EIDFJORD?

Fra 1.1.24 fekk underteikna 20% stilling som beredskapskoordinator i Eidfjord. Beredskap er eit stort og omfattande emne, men det er spanande. Det er mykje nytt å setja seg inn i, men i samråd med andre i kommunal kriselening jobbar me for at Eidfjord skal vera best mogleg rusta når ei krisa oppstår.

## I 2024 har me:

- Fått på plass avtale om beredskapsbåt.
- Voss og Hardanger beredskapsforum har gjenoppstått.
- Forum som består av representantar frå Eidfjord, Ullensvang, Ulvik, Voss og Kvam. Dette er eit veldig nyttig forum som gjer oss kjend med nabokommunane våre. Me er heilt avhengig av kvarandre om me får ei større krisa over lengre tid.
- Fokus på planverk knytt til Tussafoten.
- Det vil framover verta jobba meir med aktørplanar, der me må involvera fleire lokale aktørar som vert berørte.

## I 2025 vil me:

- Starta arbeidet med ny overordna ROS-analyse for Eidfjord
- Verta betre på å øva på ymse scenario
- Lage aktørplanar/tiltakskort knytt til Tussafoten
- Halda fram med å skaffa oss kunnskap, og kontinuerlig jobba for å vera best mogleg rusta når ei krisa skjer

Er det noko du lurar på, er det berre til å ta kontakt!



## Sjekkliste for eigenberedskap

Under finn du døme på ting det er lurt å ha heime. Du bør med jamne mellomrom gå gjennom behova dine og oppdatere lageret ditt. Hugs at det er fint mogleg å samarbeide med familie, vennar og naboar om eigenberedskap.

### Mat og vatn

- Reint drikkevatn lagra på dunkar eller flasker.
- Mat som toler å bli lagra i romtemperatur.
- Grill, kokeapparat eller stormkjøken.
- Ekstra gassbehaldar eller brennstoff.
- Mat og vatn til kjæledyr.
- Litt kontantar og fleire betalingskort.

### Informasjon

- DAB-radio som går på batteri, sveiv eller solceller.
- Batteri og opplada batteribank.
- Liste på papir med viktige telefonnummer som til dømes naudnummer og nummera til legevakt, veterinær, familie, vennar og naboar.

### Varme og lys

- Varme klede og pledd, dynar eller soveposar.
- Fyrstikker og stearinlys.
- Ved – dersom du har vedomn eller peis.
- Gass- eller parafinomn som er berekna på bruk innandørs.
- Avtale om overnatting.
- Lommelykter eller hovudlykter som går på batteri, sveiv eller solceller.

### Legemiddel og hygiene

- Legemiddel og førstehjelpsutstyr.
- Jodtablettar (gjeld barn og vaksne under 40 år, gravide og ammande).
- Hygieneartiklar i form av våtserviettar, handsprit, bleier, toalettpapir, bind og tampongar.

# Studietur til Oslo med ungdomsrådet 2.–4. juni

Tekst: Ungdomsrådet v/sekretær Kari Lægreid | Bilete: Timo Knoch og Kari Lægreid

Eidfjord ungdomsråd har i sine vedtekter bestemt at dei set av 50% av møtegodtgjersla på eit fond for å kunna reisa saman på studietur til Oslo annakvart år. Det er ungdomsråda frå dei to siste åra som vert invitert med på turen. I tillegg til ungdommane vert sekretær for ungdomsrådet og ordførar med på turen. I år var det desse som reiste på tur: Una Herland, Ingeborg Vik, Lisa Limstrand, Marthinus Soleim, Eivind Bu, Anders Myklatun Hole, Torje Stakseng Ukvitne, Are Dalseid, Timo Knoch og Kari Lægreid.

Me ankom Oslo på sundags kveld, då var det å innlosjera seg på Bondeheimen hotell på Karl Johan. På mandagen starta me dagen ved hovudkontoret til KS, der hadde dei utvikla eit nytt læringsspel som me fekk testa ut. Det kunne minna litt om ein type «Escaperoom». Oppleget gjekk ut på å byggja eit lokaldemokrati etter at eit totalitært regime har brutt saman.

Etter at me var ferdige hjå KS var det lunsj og vidare opp til Holmenkollen for Kollen Challange. Dei fleste vart nok litt overraska over kva som venta seg her. Det var heisen rett til topps i Holmenkollen, og rappelering ned 60




meter hengande i eit tau. Trur heile gruppa var rimeleg imponerte over seg sjølv og av kvarandre – alle fullførte!

Siste dagen var det planlagt møte på Stortinget. Me fekk møte med både Linda Merkesdal og Hans Inge Myrvold, som begge sit i energi- og miljøkomiteen på Stortinget. I tillegg traff me på Nils T. Bjørke, og me fekk

helsa på Stortingspresidenten Masud Gharahkhani.

Siste del av turen fekk ungdommane litt eigentid, og deretter sat me oss på toget vestover igjen.

Det vart oppretta ei facebook-gruppa, slik at føresette kunne fylgja med på kva ungdommane dreiv med under vefs.



# Landskappleiken 2025



**Sundag 26. september 1948 møttest om lag 20 menn og kvinner på Mass Hus sitt pensjonat i Kinsarvik. Føremålet med møtet var å skipa eit spelemannslag i Hardanger, og initiativtakarar var Anders Kjerland frå Granvin og Jon Velure frå Lofthus.**

Tekst: Hovudnemnda for Landskappleiken | Bilete: Elisabeth Emmerhoff

Johannes Kvestad skreiv dette om skipingsmøtet i sogeskriftet som vart gitt ut til 25 års jubileet til laget: "Møtet vedtok samråyste å skipa Hardanger Spelemannslag og at laget skulle vera med i Landslaget for Spelemenn (i dag FolkOrg). Møtet valde eit styre for laget, og arbeidet med å lage lover for laget vart sett i gang med sikte på at dei skulle vedtakast på det fyrste vanlege årsmøtet." Dette fyrste møtet fann altså stad for snart 80 år sidan, og det er særsmale mange spelemenn, dansarar, songarar og andre folkemusikkinteresserte som har vore medlemmar av laget gjennom alle desse åra, og framleis kjem det nye til.

Hardanger spelemannslag femnar i dag om kommunane Ulvik, Eidfjord, Ullensvang (tidlegare Ullensvang, Odda og Jondal) og Granvin, som no er del av Voss herad. Det er per i dag om lag 130 medlemmar med i laget. Laget arrangerar fleire øvingar i månaden for juniorar på hardingfele, toradar, dans og song, og for seniorar på hardingfele og i dans. Me arrangerar kappleikar, og har fleire gongar hatt både Vestlandskappleiken og Hordakappleiken i vår region. Forrige gong det var eit nasjonalt FolkOrg-arrangement med Hardanger spelemannslag som arrangør, var landsfestivalen i Kinsarvik i 2019. Hardanger spelemannslag er eit aktivt lag som mellom anna har gjennomført eit dokumentasjonsprosjekt for å dokumentera nøyvande kjelder innan song, spel og dans i Hardanger. Me arrangerar kursdagar gjennom vårt eige rekrutteringsprosjekt Hardingfolk rundt om i Hardanger, med omlag 7 kursdagar i året. I tillegg steller me årleg i stand ei stor folkemusikkhelg i Granvin med både konserter, dans og



kurs som heiter «Dans, spel og song – alt pao ei gong».

## Kva er landskappleiken?


Organisasjonen for folkemusikk- og folkedans, FolkOrg, arrangerar kvart år ein kan kalle dei det - vart skipa til av Vestmannalaget i Bergen. Fyrste gong i 1896, og siste gong i 1914, til saman 11 gonger. I 1903 vart det helde landskappleik i Oslo, då var det Den Nationale Forening som stod som arrangør. I åra frå 1918 til 1922 var det igjen Landskappleik i Oslo, og i 1923 vart Landslaget for spelemenn skipa som eit særlag i Noregs Ungdomslag. Frå 1923 er det Landslaget for spelemenn som har hatt ansvaret for gjennomføringa av Landskappleiken. I 2009 slo Landskappleiken har vore arrangert i Eidfjord med stor suksess før, og Hardanger spelemannslag skal no freista å gjenta dette. Årleg samlast omlag 1000 aktive spelemenn, songarar og dansarar i slutten av juni og tevar

**LANDSKAPPLEIKA  
Eidfjord  
25. - 29. juni  
2025**

Landslaget for spelemenn seg sammen med Norsk Folkemusikk- og Danselag og danna organisasjonen FolkOrg, som då overtok ansvaret for, og videreførte, Landskappleiken.

Frå fyrst av var landskappleiken kappspel for hardingfele. Frå 1924 var det med deltagarar på vanleg fele, men det var fyrst etter landskappleiken i Lom i 1954 at fela vart meir likeverdig part med hardingfela. Vokal folkemusikk kom med på landskappleik fyrste gongen i Notodden i 1958 og i 1982 vart det oppretta eige klasse for gruppespel for fele. I 1988 kom lagdans med på programmet og i sidan 2002 har det vore arrangert open klasse for ulike samspelformer, både tradisjonelle og meir eksperimentelle. I 2005 vart det for fyrste gong også konkurrert i durspel på landskappleiken.

Etter dette er det alltid kappspel i hardingfele, fele, durspel, vokal folkemusikk, munharpe, langeleik, fløyte og andre eldre folkemusikkinstrument, samt pardans, lagdans og laudsans på landskappleiken.



## Landskappleik i Eidfjord

Grunnlaget for at Hardanger spelemannslag ynskjer å arrangere landskappleiken er fordi me ser på arrangementet som særsmale verdfullt for å styrkja miljøet og rekrutteringa i regionen vår. Landskappleiken i Eidfjord 2025 vert neste ledd i det å motivera, engasjera og rekruttera. Målet er at det kan føra til ny giv blant både eldre og yngre folkemusikkarar og folkedansarar til å halda fram å utøve den lokale tradisjonen i Hardanger, både lokalt og nasjonalt.

Landskappleiken inneber mange oppgåver, der eit stort tal frivillige vil vera avgjerdande for å kunna gjennomføra festivalen. Me reknar med at me treng omlag 500 dugnadsarbeidarar, og at det tek omlag 10.000-12.000 dugndastimar å gjennomføra arrangementet.

Hardanger spelemannslag har allereie eit tett og godt samarbeid med Eidfjord kommune, og me ynskjer også eit tett og

godt samarbeid med alle innbyggjarar og aktørar.

Landskappleiken 2025 vil kunne skapa åtgåum om Eidfjord og heile Hardanger. Både overnattingssverksemder, lokalt næringsliv og ikkje minst lokale matprodusentar vil kunna nyta godt av dei mange tilreisande som vil koma til festivalen. Ein kappleik som gjev deltagarar og publikum positive opplevingar, vil kunna ha positiv omdøme-effekt i lang tid etter sjølv festivalen.

Skal me nå målet om ein kappleik som vert minst like gild som sist, treng me mange frivillige. Me treng dykk alle, til både store og små oppgåver, alle kan bidra med noko!

Vil de mælda dykk som frivillige alle reie ne, finn de påmeldingsskjema på nettsida hardingfolk.no, landskappleiken.no eller på Facebook-sida til landskappleiken.

Me treng også alle senger Eidfjord kan by på, inkludert dei som vanlegvis ikkje vert leigde ut. Dette er ein flott moglegheit til å leiga ut huset ditt, kjellarstova, eit rom i huset, hytta eller liknande. Så om du kjenner nokon som kjenner nokon som kanskje vil leiga ut noko, ta gjerna kontakt med oss!





## Eidfjord får namna minnelund

Du har kanskje sett at det har blitt rydda eit område på austsida av Modnen kyrkjegard. Dette området skal no bli til ein namna minnelund. Minnelundar er stadig meir populært og dei popper opp fleire og fleire stader rundtom i landet. Ein minnelund kan vera tilrettelagt for både kister og urner, men mest vanleg er minnelundar med kun urnegraver. Slik blir det også hjå oss. Lunden skal vera livssynsnøytral.

Tekst og bilet: Eidfjord kyrkje

Ei namna minnelund blir urner sett ned på eit gravfelt på vanleg måte. Grava blir ikkje synleg merka, men ei namneplata kan i staden monterast på eit felles minnesmerke. Ein av dei store fordelane med ein namna minnelund er at den legg til rette for dei som ønskjer ein god stad å minnast sine kjære, men som kanskje ikkje har moglegheit for å stella ei individuell grav. Dette gjev tryggleik for dei som bur langt unna, eller av andre årsaker ikkje har høve til å stella grava regelmessig. Alle som ønskjer kan koma når dei vil, for å tenna ljós, legga ned ein blom eller berre sitja i stillhet og minnast nokon dei har mista.

### Ein god stad å vera

I planlegginga av Eidfjord sin minnelund er det lagt vekt på naturlege materialer og utforming. Me er så heldige at det avsette området gjev oss moglegheit til å utforma minnelunden som ein liten avskjerma park. Målet er å etablera ein liten oase der fred, ro og ettertanke får

stå i sentrum. Her blir blomstereng og plener, buskar og tre med gangvegar innimellom. Me jobber også med å få på plass eit vaselement og det blir tilrettelagte rolege sitjeplassar. Også for etterlatne som har sine i graver utforbi minnelunden kan dette bli ein god stad å finna roen når dei vitjar gravplassen.

### Minnesmerket byrjar å ta form

Harry Dijkstra er tilsett i ei prosjektstilling for å etablira minnelunden. Han er anleggsgartner og landskapsingeniør, så han veit veldig godt kva han held på med. Me er veldig glade for å ha han på laget i dette arbeidet. Harry er no i full gang med arbeidet og prøver å få gjort mest mogeleg før frosten set seg i bakken. Om du tar turen forbi ser du at området for minnesmerke er gravd ut og arbeidet med oppbygginga er i gang. I staden for eit tradisjonelt minnesmerke, som er vanleg i ein minnelund, blir det her bygd opp ein sirkel.




Dei innvendige veggane blir kledd med naturstein med feste for namneskilt. Du går inn i sirkelen fra hovudområdet i parken og i motsatt ende blir det utgang til området der det skal bli urnefelt. Urnefeltet blir ikkje synleg merka, men glir inn som ein usynleg del av parken.

Me vil dela meir info i Brubyggjaren etter kvart som arbeidet med minnelunden skrir fram.

## Kyrkja i desember

| Dag          | Tid   | Arrangement                               |
|--------------|-------|---|
| 1. desember  | 18:00 | Ljosmesse                                 |
| 3. desember  | 10:00 | Ferie uten koffert                        |
| 3. desember  | 10:00 | Adventsamling for dei minste i barnehagen |
| 4. desember  | 10:30 | Småbarnskafé                              |
| 5. desember  | 16:00 | Minikyrkje                                |
| 10. desember | 10:15 | Jolevandring for barnehagen – Eple        |
| 10. desember | 14:30 | Joleverkstad for 3 og 4 klasse            |
| 11. desember | 10:30 | Småbarnskafé                              |
| 12. desember | 10:15 | Jolevandring for barnehagen – Blåbær      |
| 15. desember | 11:00 | Familiegudsteneste                        |
| 15. desember | 18:00 | Toneskredo sin jolekonsert                |
| 17. desember | 14:30 | Agentklubb for 1. og 2. klasse            |
| 18. desember | 10:30 | Småbarnskafé                              |
| 24. desember | 16:00 | Jolaftansgudsteneste                      |
| 25. desember | 12:00 | Høgtidsgudsteneste                        |



Bilete: Britt Karin Langøy



## Innsetjings-gudsteneste

Tekst: Heidi Herstad Prestegård | Bilete: Eidfjord kyrkje

8. september vart Signe Elisabeth Kvåle innsett som ny prest for Eidfjord og Kinsarvik kyrkje. Mange bygdafolk, både frå Eidfjord og Ullensvang, deltok i gudstenesta.

Etter gudstenesta var alle inviterte til kyrkjecaffi, som inneholdt både talar og song frå Signe Elisabeth sine nye kolleger i Eidfjord og Kinsarvik kyrkje.

Me ynskjer «Signe-prest» hjarteleg velkommen attende til Eidfjord! Ho hadde sine 10 fyrste leveår i Øvre Eidfjord, og har på inga vis gløymd ut dialekta.




NORGE P.P.  
Returadresse:  
Eid fjord kommune  
Simadalsvegen 1,  
5783 Eid fjord

## Tips til jolegåver du kan handla på kommunehuset

| Produkt  | Pris   |
|--|--------|
| «Gards- og ættesoga for Eid fjord», 1991                             | 500 kr |
| «Frå fjord til fjell» av Knut Grove                                  | 500 kr |
| Kortstokken PEIK – nytt opplag av Nils Bergsliens kortstokk frå 1898 | 100 kr |
| Turkart for Eid fjord  | 150 kr |
| «Soga om kunstnarane på Vivelid»                                     | 350 kr |
| «Gamle ferdslevegar frå Eid fjord over Hardangervidda», 1993         | 95 kr  |
| «Kvardagsminne Eid fjord 1900-1950», 1977                            | 120 kr |
| «Bergslien-målarane»   | 298 kr |
| «Minnedagar» utgjeve av Eid fjord historielag                        | 250 kr |
| «Frå Bessebu til Besso» av Kjell Bitustøyl                           | 400 kr |
| «Oppdagelser på Hardangervidda» av Svein Indrelid, 2014              | 490 kr |
| «Reinen på Hardangervidda» av Johan Vaa og Kjell Bitustøyl           | 500 kr |

Ta turen innom for å sjå heile utvalet vårt!  
Me kan også vera behjelpelege med sending.



[www.eidfjord.kommune.no](http://www.eidfjord.kommune.no)



Eid fjord kommunale kino har  
veldig billige kinobiletar?

Vaksne 75,-  
Barn/honnør 25,-

Velkomen på kino!